

Referat frå møte i skulemiljøutvalet (SMU) ved Knappskog skule

Dag/ tid: Måndag 27.03.23 kl. 18-20.

Frammøtte:

Leah og Linea (vikar for Oliver) frå elevrådet.

Nils Petter Hustoft, Martha Nybakk og Therese frå FAU.

Elna Nybakk, kommunal representant.

Katrine Abelsen(SFO-leiar/ andre tilsette), Hege Mongstad (teamleiar mellomtrinn) og Elise Rigstad (vikar for Inga Grøm Sæle/ teamleiar småtrinn).

Solfrid Kleiven, rektor – møteleiar og referent.

Fråvær:

Oliver (elevråd), Vibecke (FAU) og Inga (teamleiar skulen).

Sak 1: Skulemiljø og trivsel

Rektor informerte om elev- lærar- og foreldre-undersøkingane som blei gjennomførte i desember 2021. Ca. 52 % av dei føresette svarte på undersøkinga denne fyrste gongen. Interessant å sjå resultata opp mot kvarandre. Det er variasjonar mellom klassetrinna, dette har leiinga undersøkt nærmare med elevar og tilsette.

Punkt som skulen spesielt har merka seg og vil arbeide vidare med:

- Betre kommunikasjonen med elevane, t.d. om kva medverknad tyder. Synleggjere og setje ord på det når elevane får medverke i skulekvardagen.
- Betre kommunikasjonen med heimane om korleis skulen følg opp og handterer mobbing og skulemiljøsaker.
- Gje betre rettleiing til føresette om korleis dei kan støtte barna i skulearbeidet.

Gledingskole; Oppstartmøte med heile personalet, klassekontaktane og FAU/ SU den 9. februar 2022. Det har kome tilbakemeldingar om at alle føresette burde fått høyre innlegget, kanskje noko å tenkje på til oppstarten til hausten. Tema i mars: Meistring og feiling. Lenkje med film og info er sendt heim til føresette i Transponder. Skulen ynskjer å lage ein «Gleding-vegg» for å synleggjere at vi er ein Gledingskole. Elevrådet har snakka om dette og har gode idear som skulen vil følge opp.

Trivselstiltak på skulen;

- *TL-aktivitetar i friminutt.* Positivt og kjekt, spesielt for dei yngste. Korleis få fleire til å delta? Er det kjekkare aktivitetar for dei yngste? Ha inne-aktivitetar om vinteren? Dele tid til aktivitetar for ulike alderssteg? Trivselsleiarane må ha hjelp frå dei vaksne ute når enkelte elevar ikkje vil følgje reglar eller beskjedar.
- *Kantine for elevane.* Elevrådet har hatt dette oppe som sak og har fått til ein avtale med ei gruppe som lagar mat på skulekjøkkenet. Kvar klasse får ha kantine ein gong før sommarferien. 6. og 7. trinn har fått pizza og var særst nøgde med det.
- *Samsong* i gymsalen før kvar ferie. Fellesskapsbyggjande aktivitet og ein fin måte å samlast på. Førskulegruppa i barnehagen deltek og blir betre kjend med skulen.
- *Ake-dagar* i vinter. Alle klassar har nytta snøen og hatt fine dagar ute i snøen.
- *Fadderordning.* Positivt at dei yngste elevane får eldre fadrar på skulen.

- *Skulefruktordninga* blei avvikla i haust pga. at FAU ville prioritere å støtte Trivselsleiarprogrammet (TL) på skulen. Det kom opp spørsmål på førre FAU-møte om ikkje skulen kunne vurdere å opne opp for [Skulefrukt – Skulefrukt for elever i grunnskolen](#). Dette er ei abonnementsordning der foreldre kan bestille frukt til sitt/ sine barn til kroner 3,80 per dag. Det blei diskutert om det er riktig å gå inn på ei slik ordning når ikkje alle har råd til dette. Kunne ein heller kjøpt inn frukt og hatt til alle ein gong i blant? Det vil være billigare å handle på vanleg matbutikk, men då må evt. FAU dekke kostnadene pga. at skulen må følge innkjøpsavtale med Måkestad, som er inngått i kommunen.

Sak 2: Fysisk skulemiljø/ uteområdet på skulen

FAU har fått midlar til utbetring av uteområdet og har bede om å få innspel til kva skulen treng.

Ønskeliste: Få bort hol i fotball-bana (grus oppå eit godt fundament), ballvegg på øvre plass med malte snøballblink, sandkasse nede med lokk, forbetre dissestativ (stabilitet og mogelegheit for at fleire kan disse samstundes), malte sjakkbrett og paradisi på asfalten, nett på fotballmåla, male snøballblink på den korte murveggen, markere kanonballbane og turnstativ.

Vi må kanskje jobbe med å betre skuleplassen over litt tid, og sjå kva pengane rekk til i denne omgang.

Sak 3: Skulen si handtering av skulemiljøsaker/ § 9a- saker

Rektor informerte om dei fem delpliktene som skulen har; Følgje med, gripe inn, varsle, undersøke og sette inn tiltak. Skulen har og plikt til å dokumentere sakene. Skulen har aktive saker både på småskulesteget og mellomsteget. Vi nyttar meldeskjema som sendast til føresette og rektor. Avdelingsleiarane er tett på og sikrar at sakene blir tilnærma likt handtert. Kontaktlærarane skal ikkje stå aleine med desse sakene. Skulen har ein frist på fem dagar på å starte undersøking av saka. Vi er opptekne av å ta elevane og føresette på alvor og ha lav terskel for å melde og undersøke saker. Både tilsette, elevane og føresette melder saker.

Føresette kan melde frå til Statsforvaltaren om dei opplever at skulen ikkje har gjort nok for at eleven skal ha eit trygt og godt skulemiljø. Før ein melder saka til Statsforvaltar må ein ha tatt opp saka med rektor og det må ha gått minst ei veke frå ein tok opp saka med rektor.

Sak 4: Knappskog skule 25 år!

Det blei diskutert om det ville vere best å feire i juni eller august. Elevane foreslo Samsong i juni med jubileumsmarkering. Digital framvising/ film? Jubileumsavis? Involvere pensjonistane. Leik og uteaktivitetar.

Sak 5: Eventuelt

Skulen arrangerer Stafett for livet fredag 26. mai (før pinse) til inntekt for kreftforeininga. Kan vi klare å stille eige lag på stafetten på Ravnanger/ Askøy helga etterpå? Då kunne tilsette, elevane og føresette delteke i lag og sikra at det heile tida var stafetthaldarar på bana.